

**Fra:** "Turid Kristine Brekke" <Turid.Kristine.Brekke@vik.kommune.no>  
**Sendt:** tirsdag 2. juli 2024 20.00.21  
**Til:** "uttalelse@nve.no" <uttalelse@nve.no>  
**Emne:** Høyringsuttale saksnummer 201305024 E- ny trase for 420 kV fjordspenn over Sognefjorden - fråsegn frå VIK KOMMUNE  
**Vedlegg:** Fråsegn til høyring av søknad og detaljplan for ny trase for 420 kV fjordspenn over Sognefjorden.docx

Vi viser til dykkar høyring av søknad og detaljplan for ny trase for 420 kV fjordspenn over Sognefjorden. Frist for å koma med høyringsfråsegn er innan 3.juli 2024.

Kommunestyret i Vik har handsama høyringa i kommunestyremøte 20.06.2024, sjå vedlagt melding om vedtak og saksframlegg (eitt dokument).

Kommunestyre i Vik har vedteke å koma med fråsegn med fylgjande tre punkt:

Vik kommunen oppmodar Statnett om å ha tett dialog med framtidig utbyggjar av fiskeoppdrett i området sett av til akvakultur ved Straumsneset når det kjem til omlegging av skipstrafikk i bygge- og rivefasen til nytt fjordspenn. Skipstrafikk må ikkje kom i konflikt med aktiviteten i området sett av til akvakultur.

Dersom det er naudsynt med stenging av fylkesvegen ved etablering av fjordspennet er det viktig at det vert laga gode planar for dette slik at trafikken til og frå Fresvik kan gå mest mogeleg som normalt

Det er positivt at den gamle leidningen som har hengt ned i Sognefjorden frå ei av spennmastene sidan 1967 no vert rydda vekk, samtidig som ein fjernar den gamle delen av fjordspennet som ikkje lenger skal nyttast.

Helsing

Turid Kristine Brekke  
Arealplanleggjar/sivilarkitekt  
Plan og forvaltning

Mob:922 28 593  
Vik kommune  
Postboks 134  
6891 Vik i Sogn